

Om statistikken

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk er eit forvaltningsoppdrag som NIBIO utfører for Landbruks- og matdepartementet, og er frå 2020 ein del av den offisielle nasjonale statistikken i Noreg. Offisiell statistikk frå NIBIO vert utvikla, utarbeidd og formidla i etter Statistikkloven §5. NIBIO følgjer retningslinene for objektiv og uavhengigheit i offisiell statistikk slik dei er nedfelte i Eurostat sine retningsliner for europeisk statistikk. Den årlege rekneskapsundersøkinga viser status og utvikling for økonomien i landbruket og får fram verknadene av politikk og rammevilkår. Ho er såleis eit viktig verktøy for forvaltninga. Analysar av granskingsmaterialet gir dessutan grunnlag for rådgiving, forskning og undervisning.

Driftsgranskingane er ei utvalsundersøking som vert utarbeidd med utgangspunkt i skatterekneskapane til eit representativt og tilfeldig utval av gardbrukarar frå heile landet. For 2024 deltok 932 driftseiningar. Av desse var 93 med i driftsgranskingane i skogbruket.

Utanom skatterekneskapane har undersøkinga fleire datakjelder. Gardbrukarane som deltek gir opplysningar om areal, avlingar og arbeidsinnsats. Landbruksdirektoratet, TINE og Nortura bidreg med nyttige registerdata. Rekneskapsførarane har ei viktig rolle ved at dei sender inn rekneskapane til NIBIO. Medverknaden til alle desse samarbeidspartnarane er avgjerande for at NIBIO kan produsere driftsgranskingane.

Formål

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise årlege resultat og meir langsiktige utviklingslinjer for økonomien på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang.

Driftsgranskingane har desse delmåla:

- Presentere økonomiske data for jordbruksbedrifter av ulik storleik, med ulike driftsformer og med forskjellig geografisk plassering
- Gi grunnlag for referansebruksberekningane som er ein del av talgrunnlaget for jordbruksforhandlingane
- Gi grunnlag for samanlikning med annan nasjonal og internasjonal statistikk
- Leggje grunnlag for vidare forskning og utgreiing
- Gi grunnlag for rådgiving og undervisning
- Gi innspel til offentleg politikk og forvaltning
- Dokumentere den samfunnsøkonomiske verdiskapinga som skjer i landbruk og tilknytte næringar

Arbeid med driftsgranskingar i jordbruket vart starta opp i 1911 i Noreg. Sidan 1950 har talet på deltakarbruk i driftsgranskingane stort sett halde seg i underkant av 1 000. Ved val av bruk er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket kor ein viktig del av inntekta til brukarfamilien kjem frå sjølve bruket.

Frå og med 1964 har nokre av bruka også vore med i særskilde skogbruksgranskingar. Dei siste åra har om lag 100 bruk vore med i skogbruksgranskinga .

Tilleggsnæringar til tradisjonelt landbruk er eit eige tema i driftsgranskingane. Det same gjeld effekten av jordbruksfrådraget på skatt.

Prinsipp og metode for utval

Uttaket av nye bruk er basert på tilfeldig trekking frå Landbruksdirektoratet sitt register over tilskotssøkjjarar. Frå og med rekneskapsåret 2013 vert utvalet gjort etter standard omsetning. Deltakarbruka skal ha ei standard omsetning som minst svarer til kr 150 000. Standard omsetning er normerte tal for omsetning av produkt utan tilskot. Også EU-statistikken byggjer utvalet på standard omsetning.

Deltaking i driftsgranskingane er frivillig. Det er inga avgrensing på kor lenge eit bruk kan vere med. Rundt 10 prosent av deltakarbruka vert skifta ut årleg.

Deltakarar i skogbruksgranskingane må ha skog med eit balansekvantum på minst 50 m³.

Presentasjon av resultat

Om det er fem eller færre bruk i ei gruppe, vert ikkje gruppegjennomsnittet publisert. Bruka i gruppa tel likevel med i dei totale gjennomsnittresultata.

Inndelingskriterium


Regionar

For jordbruket er landet delt inn i åtte regionar. Austlandet og Trøndelag er delte i underområda «flatbygder» og «andre bygder» medan Jæren er skild ut som eit eige underområde i Agder og Rogaland. Årsaka er at flatbygdene og Jæren har vesentleg betre grunnlag for jordbruksproduksjon enn resten av dei respektive regionane.

Alle skogeigedomane i skogbruksgranskinga ligg i barskogområda. Det er brukt følgjande inndeling i regionar for skogbruket: Austlandet, Agder og Midt-Noreg. Regionen Midt-Noreg er samansett av Trøndelag, Helgeland i Nordland fylke og Møre og Romsdal fylke nord for Romsdals-fjorden. Inndelinga er altså noko annleis i skogbruksdelen enn i jordbruksdelen.

Storleiksgrupper

Deltakarbruka vert delte inn i seks grupper etter storleiken på jordbruksarealet, 0–50 dekar, 50–100 dekar, 100–200 dekar, 200–300 dekar, 300–500 dekar og >500 dekar.. Gruppa med bruk mindre enn 50 dekar er utelaten i nokre tabellar. Talet på bruk i den gruppa er lågt, og bruka er lite einsarta.



Figur 1 Regioninndeling som vert nytta i driftsgranskingane i jordbruket

Driftsformer

Bruka vert delte på driftsformer ut frå arealbruk og husdyrhald. Produksjonsgreiner som utgjer mindre enn 10 prosent av total produksjon på bruket, kjem ikkje til uttrykk i driftsformkoden. Dersom meir enn 40 prosent av jordbruksarealet vert brukt til kornproduksjon på eit bruk som også har husdyrdrift, vert driftsforma kombinert korn/husdyr. Årleg vert ca. 80 prosent av bruka klassifiserte i ei av dei åtte driftsformene det vert publisert resultat frå. Resten av bruka har anten meir enn to hovudproduksjonar eller ei driftsform som er mindre vanleg.

Prinsipp for rekneskapsoppgjeret

For kvart deltakarbruk omarbeider NIBIO skatterekneskapen til ein driftsrekneskap. Nedanfor følgjer ei oversikt over dei viktigaste særtrekka ved driftsrekneskapen, sett i høve til ein skatterekneskap.

- I driftsrekneskapen vert *ubetalt arbeid* som er utført av kårfolk eller andre utanom brukarfamilien, registrert med timetal. Berre dei faktisk betalte lønsutgiftene vert førte som *kostnad* under leigd arbeid.
- I driftsrekneskapen er det klarare skiljelinjer mellom *jordbruk*, *skogbruk*, *andre typar næringsverksemd* og *privat* enn det vi finn i skatterekneskapen. Dette fører til at enkelte inntekts- og kostnadspostar i skatterekneskapen heilt eller delvis kan verte overførte, til dømes frå jordbruk til skogbruk, i driftsrekneskapen.
- Driftsrekneskapen deler produksjonsinntekta i jordbruket i tre hovudgrupper: Inntekter frå planteproduksjon, inntekter frå husdyrproduksjon og ei samlegruppe med tilskot og andre inntekter. I skogbruket vert denne inndelinga nytta: Virkesinntekter, driftstilskot og andre inntekter. I både jordbruks- og skogbruksdelen er kostnadene grupperte i faste og variable kostnader.
- Dei enkelte inntekts- og kostnadspostane i driftsrekneskapen er korrigererte for endringar i balanseverdier.
- Buskapen vert, som hovudprinsipp, verdsett etter slakteverdi i driftsrekneskapen. I skatterekneskapen er buskap verdsett etter variable tilvergingskostnader.
- Medan skatterekneskapen tar nydyrking og grøfting til utgift i året, vert dette balanseført i driftsrekneskapen, og tilskot vert brukt til nedskriving.
- Det vert nytta lineære avskrivingar i driftsrekneskapen medan skatterekneskapen bruker saldoavskrivingar.
- Ved avhending av anleggsmiddel vert verdien skriven ned eller avskriven. Vinst ved salet vert teken til inntekt. Skatterekneskapen nyttar vinst- og tapskonto.
- Lager av sjølvproduserte varer for sal vert i driftsrekneskapen verdsett til den verdien ein meiner varene har for sal. Skatterekneskapen nyttar variable kostnader ved tilverking.
- I driftsrekneskapen vert det sett inn vederlag for familiens arbeid på nyanlegg. Dette vederlaget vert ført i balansen ut frå tariff-løn og lagt saman med resten av anleggs-kostnadene. Samtidig vert vederlaget skilt ut frå jordbruks- og skogbruksdrifta som ein eigen inntektspost.
- Driftsrekneskapen har med data for tilgang på- og innsats av ulike ressursar. For jordbruket vert jordbruksareal, arealdisponering, arbeidsinnsats og oppnådde avlingar registrerte. For skogbruket vert balansekvantum, samt enkelte tekniske data ved drifta, registrerte.
- I skatterekneskapen kan ein fastsette resultatet for skogbruket ved å nytte tømmerkonto. På eigedomar med aktiv jordbruksdrift kan ein periodisere inntekt

frå skogen over fleire år. I driftsrekneskapen vert det faktiske resultatet frå det enkelte rekneskapsåret brukt.

- Skogfond vert i driftsrekneskapen behandla som fondsavsetningar. Det vil seie at trekte beløp ikkje vert utgiftsførte i trekkåret, og at beløp som vert betalte tilbake, ikkje vert inntektsførte i utbetalingsåret.
- Skogsveganlegg vert utgiftsførte direkte i skatterekneskapen, men vert førte i balansen i driftsrekneskapen.

Representativitet

Vurdering av representativitet vert avgrensa til å gjelde jordbruksdelen av driftsgranskingane.

Deltakarbruka vert samanlikna med storleik på alle bruk i landet, slik dei er presenterte i Statistisk sentralbyrå (SSB) sin jordbruksstatistikk. Denne statistikken omfattar også bruk som ikkje vil ha standard omsetning på minst kr 150 000. Derfor vil dei minste bruka i populasjonen vere underrepresenterte i driftsgranskingane.

I driftsgranskingane har det vore avgjerande å byggje opp store nok grupper av deltakarbruk innanfor dei viktigaste driftsformene. Derfor har omsynet til representativitet innan bruksstorleik til ein viss grad vore nøydd til å vike. Det vert lagt vekt på å behalde omtrent uendra deltakartal innanfor kvart enkelt fylke frå år til år. Over tid vil ein likevel justere talet på deltakarbruk i kvart fylke, i tråd med endring av faktisk tal bruk i fylka og endra totalt utval.

Uvisse

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk er ei utvalsundersøking, og det er alltid hefta uvisse ved alle utvalsundersøkingar. Generelt blir resultata meir usikre dess færre observasjonar dei er baserte på. For små grupper kan ekstremverdiar gje store utslag på gjennomsnittet.

Det er frivillig å vere med i driftsgranskingane, og sidan ein ikkje veit korleis resultata er for dei som vert trekte ut til å vere med, men som takkar nei, veit ein ikkje korleis dette fråfallet påverkar gjennomsnittstala.

Feilkjelder

Primærdata til statistikken er henta frå fleire kjelder, og både skatterekneskapen og registerdata kan innehalde feil. Mange av feila vert oppdaga og retta i gjennomgangen i NIBIO, og ein vurderer denne typen handsamingsfeil til å vere låg.

Avlingsdata og data om arbeidsregistreringar er henta direkte frå deltakarane. Slike data kan vere hefta med målefeil, det vil seie at den som rapporterer misforstår spørsmålet, eller ikkje kjenner den nøyaktige verdien det vert spurt om, til dømes kor stor avlinga av grovfôr har vore.

Definisjonar og forklaring av omgrep

Anleggsmiddel er eigedelar som er meinte til varig eige eller bruk, det vil seie alle eigedelar med unnatak av omløpsmiddel. Anleggsmidla har ei funksjonstid i føretaket

på over eitt år. Eksempel på anleggsmiddel er jord- og skogbruksareal, driftsbygningar, maskinar og produksjonsdyr.

Anna næring: Næringsverksemd som vert driven av ein gardbrukar, men som ikkje nyttar ressursane på gardsbruket. Sjå elles «tilleggsnæring».

Arbeid: Både ubetalt og betalt leigd arbeid, og arbeidet til familien, vert registrert i timar etter medgått arbeidstid. For personar som er yngre enn 18 år, eller eldre enn 65 år, vert arbeidstimane rekna om til fullverdige timar etter ein reduksjonstabell.

Når kårfolk og barn over 17 år i familien har arbeidd i jord- eller skogbruket, vert arbeidstimane deira førte under leigd hjelp. Det vert rekna ut eit særskilt vederlag for familien sitt eige arbeid på nyanlegg. Dette vert ført i balansen.

All arbeidsinnsats i dei ulike yrkesgreinene vert registrert, anten ved noteringar for kvar veke, eller i form av ei meir summarisk årleg rapportering.

Arbeidskapital er omløpsmiddel minus kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen er eit uttrykk for den likvide situasjonen til familien.

Avlingar vert registrerte som lagringsdyktig mengd. For korn vil det seie kg med 15 prosent vassinnhald. Andre registreringar omfattar kg innhausta rotvekstar og poteter, kg innkøyrd høy og m³ ferdig surfôrmasse. Beiteopptak og fôring med ferskt gras vert rekna i FEm. Alle avlingar vert rekna om til FEm per dekar.

Avskrivningar er planmessig fordeling av verdinedgang for eigedelane over venta levetid. Verdinedgangen skuldast slitasje, elde og teknisk utvikling.

I skatterekneskapen vert dei fleste avskrivbare eigedelane avskrivne etter saldoprinsippet, altså med ein viss prosent av den bokførte verdien til eigedelen. Dette prinsippet fører til at dei årlege avskrivningane minkar etter kvart som eigedelane vert eldre. Dei avskrivbare eigedelane er delte i ulike avskrivingsgrupper. Bygningar og anlegg vert avskrivne individuelt medan inventar, reiskapar og maskinar vert avskrivne kollektivt.

I driftsrekneskapen vert det nytta lineære avskrivningar, slik at den nominelle verdinedgangen vert like stor kvart år i avskrivingsperioden. Dei avskrivbare anleggsmidla vert avskrivne individuelt, og avskrivningstida vert fastsett ut frå sannsynleg brukstid eller kor lenge anleggsmidla vil vare. Brukt utstyr vert dermed avskrive over kortare tid enn nytt utstyr. **Avverkingsprosenten** for skogen er totalt avverkingskvantum i året i prosent av balansekvantumet.

Balansen er ei oppstilling av eigedelane til brukarfamilien, gjelda og eigenkapitalen per 31.12.

Balanseføring, grenser: Varige eigedelar vert førte i balansen om kostprisen er minst kr 15 000. Beløpsgrensa er den same som i skatterekneskapen.

Ved større reparasjons- og vedlikehaldsarbeid vert berre ei mogeleg standardheving ført i balansen i skatterekneskapen. I driftsrekneskapen kan ein stor del av slikt arbeid

verte balanseført, og verte anten skriven av ordinært eller kostnadsfordelt over ein kortare periode.

Balansekvantumet for skogen er det størst mogelege kvantumet, målt i m³ utan bork, som kan takast ut kvart år, utan at avverkingskvantumet i framtida vert mindre. Det er føresett ein definert investeringsinnsats i primærproduksjonen.

Bruk er ei driftseining i landbruket. Driftseininga kan vere samansett av eigd og/eller leigd areal.

Brukaren er den som administrerer driftseininga. Han eller ho vil som oftast vere eigar av heile eller delar av den faste eigedomen og er vanlegvis den som har flest arbeidstimar på bruket.

Brukarfamilien: Sjå *familien*.

Buskap: I skatterekneskapen er heile buskapen klassifisert som omløpsmiddel og verdsett etter standardiserte einingsprisar for variable oppdrettskostnader (tilverkningsverdiar). I driftsrekneskapen vert buskapen verdsett, som hovudregel, til slakteverdi. Her er det unnatak for verpehøns, smågrisar og hestar. Oksar, smågrisar, slaktegrisar og fjørfe til slakt vert klassifiserte som omløpsmiddel medan resten av buskapen vert rekna som anleggsmiddel (produksjonsdyr). Både i skatterekneskapen og i driftsrekneskapen vert vaksne dyr ståande i balansen med den verdien dei ein gong har fått som vaksne.

Dekningsbidrag er produksjonsinntekter minus variable kostnader.

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet er den godtgjeringa familien får for innsatsen av eige arbeid og for eigen og lånt kapital.

Eigenkapital er sum eigedelar minus gjeld.

Eigedelar: Sjå stikkorda *anleggsmiddel* og *omløpsmiddel*.

Familien er brukar og eventuell ektefelle, sambuar eller partner, og deira barn under 17 år.

Familiens arbeidsforteneste (vert rekna berre for jordbruket) er driftsoverskot fråtrekt kalkulert rente på eigedelane i jordbruket. Dette resultatmålet viser kva familien har igjen som godtgjerings for eigen arbeidsinnsats. Ved utrekning av familiens arbeidsforteneste *per årsverk* vert arbeidstimar som er utførte av ubetalt leigd hjelp, slegne saman med familien sine eigne arbeidstimar. Gjennomsnittet av inngåande og utgåande balanse vert brukt som uttrykk for verdien av eigedelane i jordbruket.

Familiens arbeidsvederlag er eit kalkulert vederlag for arbeidsinnsatsen til familien. Dei registrerte arbeidstimane til familien er utgangspunkt. Ein reknar ut kva det ville ha kosta å leige arbeidskraft i like mange timar, til tariff løn. Tariff løna inkluderer feriepengar og betaling for rørelege heilagdagane. Arbeidsgivaravgifta, som er regionalt differensiert, vert også teken med. Derfor vil arbeidsvederlaget per time variere mellom ulike område.

Faste kostnader er kostnader som i ein gitt periode ikkje endrar seg vesentleg med omfanget av produksjonen. Eksempel på faste kostnader er avskrivningar og vedlikehald av driftsbygningar.

Fråsal: Salsinntekter frå balanseførte anleggsmiddel vert behandla ulikt i skatterekneskapen og driftsrekneskapen. I skatterekneskapen vert vinst eller tap ved sal av ikkje avskrivbare driftsmiddel, eller anleggsmiddel med individuell avskrivning, periodisert over vinst- og tapskontoen. Ved sal av anleggsmiddel som vert avskrivne som gruppe, er det ikkje mogeleg å fastsetje vinst eller tap. Heile salssummen vert derfor skriven ned i vedkomande saldogruppe. I driftsrekneskapen vert vinst ved sal teken til inntekt, medan tap ved sal vert avskrive. Ved fråsal av jord eller skog skal den bokførte verdien av det selte arealet skrivast ned til null i driftsrekneskapen. Overskytande verdi vert ført som verdiregulering.

Gjeldsprosenten er gjelda til familien i prosent av totalkapitalen. Gjeldsprosenten viser kor stor del av eigedelane som er finansiert med framand kapital.

Inngåande balanse (IB) er balanse ved starten av rekneskapsåret.

Inntekter frå plante- og husdyrproduksjon er verdien av varer og tenester som er produserte i løpet av året. Desse inntektene omfattar både sal og eige forbruk av produkta, i tillegg til lagerendringar.

Investeringsfrekvensen (vert rekna ut berre for skogbruket) viser kor stor prosentdel av skogeigedomane som det har vorte investert i gjennom året.

Jordbruksareal: Arealet av kvar enkelt vekst vert registrert i dekar. Areal med natureng og overflatedyrka beite vert redusert for uproduktivt areal, slik at ein kjem fram til eit produktivt nettoareal. Del av fellesbeite vert rekna som del av bruket. Jordbruksarealet omfattar både eige og leigd areal. Det vert registrert kor stort det leigde arealet er.

Kortsiktig gjeld er gjeld som normalt fell til betaling innan eitt år frå rekneskapsavslutting, eller som er direkte knytt til den kortsiktige omsetninga av varer og tenester i verksemda.

Kostnader er verdien av varer og tenester som er sette inn i produksjonen i rekneskapsåret.

Kår er ei kontraktfesta yting til tidlegare eigar.

Langsiktig gjeld er gjeld som normalt fell til betaling eitt år eller meir etter rekneskapsavslutting, og som ikkje er knytt til den kortsiktige omsetninga av varer og tenester i verksemda.

Lønsevne vert rekna berre for jordbruket og fortel kor mykje jordbruket kan betale for samla arbeidsinnsats når all kapital er godtgjort. Lønsevna vert gitt opp i kroner per bruk eller kroner per time.

Lønsevneprosenten fortel korleis den reelle godtgjersla for utført arbeid i jordbruket står i høve til den godtgjersla som måtte til dersom brukarfamilien skulle ha vore løna etter tariff.

Nettoinntekt er samla driftsoverskot frå all næringsverksemd, med tillegg av lønsinntekter, pensjonar, kalkulert vederlag for familiens arbeidsinnsats på nyanlegg og renteinntekter. Rente- og kårutgifter er trekte frå.

Nettoinvestering er nyanlegg minus avskrivningar, fråsal og investeringstilskot.

Netto mekaniseringskostnad omfattar alle kostnader ved maskininnsatsen (traktor, skurtreskar, yrkesbil, andre maskinar og reiskapar), medrekna rente på bokført verdi, men fråtrekt inntekter frå utleige av maskinar:

Omløpsmiddel er eigedelar som ikkje er skaffa for varig eige eller bruk. Dei har anten ei funksjonstid på under eitt år i føretaket, eller dei er knytte til den kortsiktige omsetninga av varer og tenester. Eksempel på omløpsmiddel er bankinnskot, kontantar, andre krav, slaktedyr og varelager.

Produksjonsinntekt er summen av inntekter frå jordbruket. Produksjonsinntekta kan delast i tre: Inntekter frå planteproduksjon, inntekter frå husdyrproduksjon og ei samlegruppe med tilskot, leigeinntekter med meir.

Produktivt skogbruksareal: All mark som har ei produksjonsevne som minst svarer til produksjonskravet i lågaste klasse på ein bonitetsskala.

Rentekrav er kalkulert rente av gjennomsnittleg verdi gjennom året for eigedelane i jordbruket.

Rotverdi, eller rotnetto, uttrykkjer differansen mellom tømmerprisen og dei driftskostnadene som er knytte til å få tømmeret fram til bilveg.

Rånetto (skogbruk) er bruttoinntekt med frådrag av driftsavhengige kostnader eksklusive skogkultur. Dei driftsavhengige kostnadene omfattar alt arbeid (eige og leigd), leige og vedlikehald av utstyr, drivstoff, salskostnader med meir. Avskrivningar på eige utstyr vert ikkje tekne med i dei driftsavhengige kostnadene.

Samdrift er eit føretak der driftsbygningar, jord, mjølkekvoter, arbeidskraft og andre ressursar på to eller fleire gardsbruk er organiserte i ei eining.

Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital: Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget er rekna ut. Vi tek utgangspunkt i at skatten for 2023 vert redusert med 22 prosent av frådraget. Ein reknar 39,7 prosent marginalsatt for 2023, som Budsjettnemnda for jordbruket gjer. Justeringsbeløpet som vi kjem fram til på denne måten, vert lagt til vederlaget til arbeid og eigenkapital. Da får vi fram det skattejusterte vederlaget. Det er skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital *rekna per årsverk* som vert brukt i driftsgranskingane. Sjå meir om dette i kapittel 4.7.

Sparing er auke i eigenkapitalen i løpet av året.

Standard dekningsbidrag (SDB) er normerte tal for kva som skal vere igjen når inntektene frå plante- og husdyrproduksjon har fått fråtrekk for variable kostnader. Samla SDB på bruket er summen av standard dekningsbidrag frå alle produksjonsgreiner. I EU sin rekneskapsstatistikk har SDB tidlegare vore utvalskriterium og grunnlag for inndeling i driftsformer.

Standard omsetning (SO) er normerte tal for omsetning av produkt. Dette er totale, utrekna inntekter utan tilskot. EU-statistikken byggjer utvalet på standard omsetning.

Tilleggsnæring er næringsverksemd som vert driven i tillegg til jord- og skogbruk, der ressursane på garden (til dømes areal, bygningar og maskinar) vert nytta.

Utgåande balanse (UB) er balansen ved utgangen av rekneskapsåret.

Variable kostnader er kostnader som i ein gitt periode endrar seg med omfanget av produksjonen, slik som til dømes kostnader til såfrø, gjødsel og innkjøpt fôr. Drivstoffkostnaden vert rekna som ein fast kostnad.

Vederlag til arbeid og eigenkapital (vert rekna berre for jordbruket) er driftsoverskot pluss kostnader til leigd arbeid, minus jordbruket sin del av utgifter til renter og kår. Jordbruket sin del av utgifter til renter og kår vert sett lik den prosentdelen som verdien av eigedelane i jordbruket utgjer av totalverdien for alle eigedelar.

Vederlag til familiens arbeid og eigenkapital (vert rekna berre for jordbruket) omfattar driftsoverskotet minus jordbruket sin del av utgifter til renter og kår.

Verdsetjing: I både drifts- og skatterekneskapen vert anleggsmidla verdsette til historisk kostpris, med frådrag for mottekne offentlege tilskot. Om familien har lagt ned arbeid i samband med nyanlegg, vert verdien av dette arbeidet lagt til kostprisen i driftsrekneskapen. I skatterekneskapen vert anleggsmiddel i skogbruket skrivne ned med eventuelt utbetalt skogfond. Det vert ikkje gjort i driftsrekneskapen. Prinsippa for, og storleiken på, dei årlege avskrivningane er ulike i dei to kategoriane av rekneskap (sjå stikkorda *avskrivningar* og *fråsal*). Lager av kjøpte varer vert førte opp i balansen til innkjøpspris, med tillegg av fraktkostnader. På det punktet er drifts- og skatterekneskapen like. I skatterekneskapen vert eigenproduserte varer på lager verdsette til tilverksverdien. For jordbruksprodukt vert det da nytta standardiserte einingsprisar medan faktiske tilverksverdiar gjeld for skogbruksprodukt. I driftsrekneskapen vert verdien av salsprodukt sett lik venta salsverdi per 31. desember i rekneskapsåret. Heimeavla fôr vert verdsett ut frå prisen på bygg ved utgangen av rekneskapsåret. Kvart grovfôrslag vert verdsett etter fôrkonsentrasjon, til ein fôreiningsverdi som er 80 prosent av byggprisen (for halm 50 prosent). Verdsetjing av slaktedyr er omtalt under stikkordet *buskap*.

Årsverk: Eitt årsverk har i åra 2002–2024 vore definert som 1 845 registrerte timar. Frå 2025 vert årsverket sett til 1810 timar, for 2026 til 1755 timar og frå 2027 og framover vert årsverket rekna til 1700 timar for jordbruket.